



Løyve etter forureiningslova til drift av avfallsanlegg for Hallingdal Renovasjon IKS – Kleivi hovudanlegg

Løyvet er gitt i medhald av lov om vern mot forurensning og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6, § 11 jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknader eller som vart supplert i sakshandsamingstida. Vilkåra er gitt på side 2 til og med side 23.

Dette løyve erstatter løyve 2006.099.T gitt 28. juni 2006, sist endret 27. mai 2015.

Dersom verksemda ønsker å foreta endringar i drifta som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn da løyvet vart gitt eller sist endra og som kan gi endringar i ureinande utslepp, må verksemda kontakte ureiningsmynda for å avklare eventuelt behov for endring av løyvet.

Verksemdsdata

Verksemd	Hallingdal Renovasjon IKS
Besøksadresse	Kleivi Næringspark 31, ÅL
Postadresse	Kleivi Næringspark 31, 3570 ÅL
Kommune og fylke	0619 Ål, Buskerud
Org. nummer (verksemd)	974 154 676
Org. nummer (ansv. ening)	951 608 629
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32V, øst: 468495, nord: 6715879
Gards- og bruksnummer	126/42 og 126/45, Ål kommune
NACE-kode og bransje	38.21 Handteringing og disponering av ikkje-farleg avfall 38.22 Handteringing og disponering av farleg avfall
Kategori for verksemda ¹	5.2. Slutthandteringing eller gjenvinning av avfall i avfallsforbrenningsanlegg eller samforbrenningsanlegg 5.3. Forhandteringing av ordinært avfall før forbrenning 5.5. Mellombels lagring av farleg avfall

Referansane til Fylkesmannen

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2019.0166.T	0619.0004.01	2019/3886

Løyvet første gang gitt: 01.07.19	Løyvet sist endra: -
Kari Skogen seksjonssjef	Tonje Røland Brasetvik seniorrådgjevar

¹ Jf. forskrift om begrensning av forureining kapittel 36 om handteringing av tillatelser etter forureiningslova

Innhald

1. Rammevilkår	4
1.1. Lokalitet.....	4
1.2. Informasjon om forbrenningsanlegget.....	4
1.3. Aktivitetar	4
1.4. Avfallstypar, mengder og lagringstid	4
2. Generelle vilkår	8
2.1. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg	8
2.2. Plikt til førebyggjande vedlikehald	8
2.3. Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare.....	8
2.4. Internkontroll.....	8
2.4.1. Miljørisikoanalyse	9
2.5. Krav til rekneskap ved lagring av farleg avfall	9
2.6. Krav til kompetanse	9
2.7. Overordnede krav til handtering av avfall.....	10
2.8. Utforming av anlegget.....	10
2.9. Mottakskontroll, omlasting og sortering	10
2.10. Mellombels lagring av avfall	11
2.10.1. Mellombels lagring av farleg avfall	11
2.10.2. Lagring av returtrevirke og impregnert trevirke	12
2.10.3. Lagring av restavfall	12
2.10.4. Lagring av EE-avfall.....	13
2.11. Handtering av avfall: pressing, kverning og demontering.....	13
2.11.1. Å kverne blanda avfall, returtrevirke og fritidsbåtar.....	13
2.11.2. Å kverne impregnert trevirke og golvbelegg med ftalat	13
2.11.3. Demontering av vindauge med klorparafinar	14
2.12. Forbrenning av avfall	14
2.13. Forbrenningsrestar	14
2.14. Sluttdisponering av anna avfall.....	15
3. Forsøpling og lukt.....	15
3.1. Forsøpling	15
3.2. Lukt.....	15
4. Utslepp til vatn.....	15
4.1. Utsleppsreducerande tiltak	15
4.2. Punktutslepp	15

4.3. Sanitæravløpsvatn	16
5. Utslepp til luft	16
5.1. Utslepp frå forbrenningsanlegget.....	16
5.2. Støv.....	16
6. Grunnureining og ureina sediment	16
7. Kjemikaliar	17
8. Støy	18
9. Energi.....	19
9.1. Energileiing.....	19
9.2. Spesifikt energiforbruk	19
10. Førebygging og beredskap mot akutt ureining	19
10.1. Førebyggande tiltak.....	19
10.2. Etablering av beredskap	19
10.3. Varsling ved akutt ureining	19
11. Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen.....	20
11.1. Kartlegging av utslepp	20
11.2. Utsleppskontroll	20
11.3. Kvalitetssikring av målingane.....	20
11.4. Program for utsleppskontroll	21
11.5. Rapportering til Fylkesmannen	21
12. Miljøovervaking.....	22
12.1. Overvaking av resipienter	22
12.2. Overvaking av grunn og grunnvatn.....	23
13. Undersøkingar og utgreiingar	23
13.1. Utgreiing av utslepp av prioriterte miljøgifter.....	23
13.2. Utgreiing av diffuse utslepp	23
13.3. Tilstandsrapport om mogleg ureining av grunn og grunnvatn	23
14. Industriutsleppsdirektivet, IED.....	24
15. Utskifting av utstyr	24
16. Eigarskifte.....	24
17. Nedlegging	24
18. Tilsyn.....	25
VEDLEGG 1: Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.....	26

1. Rammevilkår

1.1. Lokalitet

Kleivi hovudanlegg i Kleivi Næringspark 31, 3570 Ål, gnr/bnr 126/42 og 126/45 i Ål kommune.

1.2. Informasjon om forbrenningsanlegget

Kapasitet på anlegget	3,4 tonn/time referert til 10-12 MJ/time
Maks kapasitet	27 600 tonn avfall/år + 6000 tonn flis av returtrevrike
Varmeproduksjon	54 GWh/år
Driftstid	Kontinuerlig
Brensel	Hushaldsavfall, næringsavfall
Farleg avfall	Sjå punkt Error! Reference source not found. , tabell 2

1.3. Aktivitetar

Løyvet gjeld:

- Å motta, sortere og mellombels lagre hushaldsavfall og næringsavfall
- Å motta, sortere, pakke og mellombels lagre EE-avfall og farleg avfall
- Å presse hushaldsplast, næringsfolie, landbruksplast, PP-sekk, papp og papir
- Å kverne blanda avfall (møblar og store modular frå innreiing; madrassar, hardplast o.l.), returtrevirke og fritidsbåtar under 4,5 m (15 fot) som ikkje inneheld elektronikk eller farleg avfall
- Å kverne impregnert trevirke og golvbelegg som inneheld ftalata
- Å demontere vindauge som inneheld klorparafinar
- Å forbrenne restavfall, returtrevirke, impregnert trevirke, smittefarleg avfall, spillolje og golvbelegg som inneheld ftalatar

1.4. Avfallstypar, mengder og lagringstid

Verksemda kan ta imot hushaldsavfall og næringsavfall, inkludert EE-avfall og farleg avfall som definert i tabellen under (tabell 1). Tabell 1 visar kva mengder av dei ulike avfallsfraksjonane det er lov å ta imot, lagre mellombels og handtere (kverne, forbrenne eller demontere). Tabell 2 visar maksimal lagringstid for dei ulike avfallsfraksjonane.

Det er ikkje lov å ta imot følgande avfallstypar:

- Radioaktivt avfall
- Eksplosivt avfall
- Medisinar

Tabell 1: Typar og mengder avfall det er lov å ta i mot kvart år

Avfallsfraksjon	EAL-kode	Avfallsstoffnr.	Mengde (tonn)
Restavfall med matavfall frå hushald	20 01 08, 20 01 99	1111	22 000
<i>Avfall frå hushald og næring (sortert og usortert)</i>			
Papir og papp	20 01 01	1299, 1211	20 000
Plast	20 01 39	1711	
Glass- og metallemballasje	20 01 02, 20 01 40	1311	
Metall	02 01 10, 15 01 04, 17 04 01, 07 04 02, 07 04 03, 07 04 04, 17 04 05, 17 04 06, 17 04 07, 19 10 01, 19 10 02, 19 12 02, 19 12 03, 20 01 40	1499	
Returtrevirke	17 02 01	1149	
Andre fraksjonar	20 01 99		
Blanda avfall (møblar og store modular frå innreiing; madrassar, hardplast o.l.)		9913	
Landbruksplast	15 01 02	1712	
Gips	17 08 02	1615	
Gummidekk	16 01 03	1899	
EE-avfall	16 02 09, 16 02 10, 16 02 11, 16 02 12, 16 02 13, 16 02 14, 16 02 15, 16 02 16, 20 01 21, 20 01 23, 20 01 35, 20 01 36	1599	500
Fritidsbåtar under 4,5 meter (15 fot) som ikkje inneheld elektronikk eller farleg avfall	20 03 99	2431	10
Inert avfall	17 01 01, 17 01 02, 17 01 03, 17 01 07, 17 05 04	1699	500
Smittefarleg avfall	18 01 01, 18 01 02, 18 01 03, 18 01 04, 18 02 01, 18 02 02, 18 02 03	6003	10
<i>Farleg avfall</i>			
Impregnert trevirke ²	*20 01 37	7098, 7154	300**
Golvbelegg med ftalatar	*17 09 03	7156	300
Vindaug med klorparafinar	*17 09 03	7158	30
Vindaug med PCB	*17 09 02	7211	20
Spillolje	*13 02 05	7011, 7012	30
Batteri		7092, 7093, 7094	80
Brannslukkingsapparat	*16 05 04	7261	10
Asbest	*17 06 05	7250	150
Gass/trykkbeholdarar	*16 05 04	7261	5
Drivstoff/fyringsolje	*13 07 01	7023	5
Oljefilter	*15 02 02, *16 01 07	7024	5

² Som definert i Miljødirektoratets faktaark M-29 2013

Tabell 1 fortsett

		Oljeemulsjoner	*13 01 04, *13 01 05, *13 08 01, *13 08 02	7030	5
		Maling, lim og lakk	*08 01 11, *08 13 13, *08 01 15, *08 01 17, *08 01 19, *18 01 21, *20 01 27	7051	60
		Lysstoffrør og sparepærer	*20 01 21	7086	5
		Uorganiske stoff	*03 02 04, *06 13 01, *16 03 03, *16 05 07	7091	5
		Uorganiske syrer	*06 01 01, *06 01 02, *06 01 03, *06 01 04, *06 01 05, *06 01 06, *06 01 99	7131	10
		Uorganiske baser	*03 02 04, *06 13 01, *16 03 03, *16 05 07	7132	40
		Isolasjon med KFK/HKFK	*14 06 01, *16 02 11, *17 06 03	7157	10
		Anna farleg avfall			10

* Frå 2011 til og med 2019: Tillegg på 150 tonn kreosotimpregnert trevirke (7154)

** Frå 2011 til og med 2019: Tillegg på 150 tonn kreosotimpregnert trevirke (7154)

Tabell 2: Tillate handtering og mengde lagra til ein kvar tid

Avfallsfraksjon		EAL-kode	Avfallsstoffnr.	Mengde lagra til ein kvar tid (tonn)	Tid lagra	Tillate handtering*
Restavfall med matavfall frå hushald				200	3 dagar	F, O, (S)
Avfall frå hushald og næring						
	Usortert			200	3 dagar	S
	Sortert	<i>Kan lagrast mellombels i 12 månader viss ikkje anna er spesifisert</i>				
	Papir og papp	20 01 01	1299, 1211	100		S, PR
	Plast	20 01 39	1711	80		S, PR
	Blanda avfall (møblar og store modular frå innreiing; madrassar, hardplast o.l.)	20 01 99	9913	2000		S, K, F
	Returtrevirke (reint og behandla ³ trevirke)	17 02 01	1149	3000	Før kverning: 6 mnd. Etter kverning: 6 mnd.	S, K, F
	EE-avfall	16 02 09, 16 02 10, 16 02 11, 16 02 12, 16 02 13, 16 02 14, 16 02 15,	1599	500	2 mnd	S, PA

³ Behandla med beis, måling eller liknande

Tabell 2 fortsett

		16 02 16, 20 01 21, 20 01 23, 20 01 35, 20 01 36				
	Fritidsbåtar under 4,5 m (15 fot) som ikkje inneheld elektronikk eller farleg avfall	20 03 99	2431	10		S, K, F
	Andre fraksjonar ikkje-farleg avfall			400		S, PA
	Smittefarleg avfall	18 01 01, 18 01 02, 18 01 03, 18 01 04, 18 02 01, 18 02 02, 18 02 03	6003	Lagring ikkje tillate	Direkte til forbrenning same dag	F
Farleg avfall <i>Kan lagrast mellombels i inntil 6 månader viss ikkje anna er spesifisert.</i>						
	Impregnert trevirke	*17 02 04	7098, 7154	200**	Før kverning: 6 mnd. Etter kverning: 6 mnd.	K, F
	Golvbelegg som inneheld ftalatar	*17 02 04	7156	200	Før kverning: 6 mnd. Etter kverning: 6 mnd.	K, F
	Spillolje	*13 02 05	7011, 7012	10		S, PA, F (60 l/t)
	Vindauge med klorparafinar	*17 09 03	7158	16	Før demontering: 6 mnd Etter demontering: 6 mnd	S, D, PA
	Vindauge med PCB	*17 09 02	7211	12		S, PA
	Støv/flygeaske frå forbrenning	*19 01 07	7096	60		
	Batterier	*16 06 01, 16 06 05, *20 01 33	7092, 7093, 7094	50		S, PA
	Avfall som inneheld kvikksølv	*16 06 03, *20 01 21	7081, 7082, 7086	1		S, PA
	Avfall som inneheld kadmium	*06 04 05, *16 06 02	7083, 7084,	1		S, PA
	Amalgam	*18 01 10	7085	0,02		S, PA
	Sterkt reaktivt stoff	*16 05 16, *16 05 07	7122	0,1		S, PA
	Cyanidholdig avfall	*16 05 07	7100	0,1		S, PA
	Herdere	*08 05 01, *16 09 03	7121, 7123	0,5		S, PA
	Bekjempningsmiddel	*02 01 08	7111	0,5		S, PA
	Gassar i trykkbeholdare		7261	2		S, PA
	Asbest	*17 06 01, *17 06 05	7250	25		S, PA

Tabell 2 fortsett

		Brannslukkingsapparat	*16 05 04	7230, 7261	2		S, PA
		Anna farleg avfall			90		S, PA

*Typer handtering: Sortere (S), omlaste (O), pakke (PA), kverne (K), presse (PR), demontere (D), forbrenne (F)

** Frå 2011 til og med 2019: Tillegg på 150 tonn kreosotimpregnert trevirke (7154)

2. Generelle vilkår

2.1. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg

All ureining frå verksemda, herunder utslepp til luft og vatn, er isolert sett ikkje ønska. Sjølv om utsleppa er innanfor grenseverdier i løyvet, plikter verksemda å redusere alle sine utslepp, herunder støy, så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp som det ikkje uttrykkeleg er satt grenser for i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal eventuelle reduksjonar av det produksjonsnivå som er lagt til grunn for løyvet, medføre ei tilsvarande reduksjon i utslepp.

2.2. Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde ordinære utslepp på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha verknad på utsleppa deira. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert.

2.3. Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det som følge av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auke i ureining, plikter verksemda å sette i verk tiltak som er naudsynt for å eliminere eller redusere den auka ureiningsfaren. Om naudsynt må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har gitt eller kan gi endra ureininga frå verksemda. Akutt ureining skal i tillegg varslast om i tråd med pkt. 10.3.

2.4. Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift om dette⁴. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld

⁴ Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter

krava i dette løyvet, forureiningslova⁵, produktkontrolllova⁶ og relevante forskrifter til desse lovane. Verksemda plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Internkontrollsystemet skal i tillegg til å oppfylle krava i interkontrollforskrifta⁷ vere i samsvar med norsk standard for miljøeiingssystem.

2.4.1. Miljørisikoanalyse

Verksemda skal ha gjennomført ei miljørisikoanalyse av verksemda si, slik at de til ein kvar tid har oversikt over og kan gjere greie for risikotilhøve som kan medføre ureining. Potensielle kjelder til utslepp til vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysa skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan medføre ureining med fare for helse- og/eller miljøskadar. Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursar som kan bli rørt av ureining, inkludert akutt ureining, og dei helse- og miljømessige konsekvensar slik ureining kan medføre. Verksemda skal vurdere resultatane av miljørisikoanalysa i høve til akseptabel miljørisiko.

Miljørisikoanalysa skal dokumenterast. Ved endra produksjonstilhøve skal miljørisikoanalysa oppdaterast. Miljørisikovurderinga skal bli gått igjennom og ved behov oppdatert minst ein gong per år.

2.5. Krav til rekneskap ved lagring av farleg avfall

Lagra farleg avfall skal takast med i verksemda sitt årlege rekneskap i tråd med rekneskapslova slik at dei framtidige kostnadane til handtering av dette avfallet kjem frem i rekneskapet.

2.6. Krav til kompetanse

Alle i verksemda skal ha dokumentert opplæring innanfor sine arbeidsområder for å overhalde krava i dette løyvet.

Alle som handterer farleg avfall i verksemda skal ha dokumentert opplæring i slik handtering. Dei som handterer klorparafinholdige isolerglassruter, jf. pkt 2.11.3 må ha dokumentert kompetanse til slikt arbeid.

Verksemda skal råde over tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere miljørisiko for si verksemd.

Ein tilfredsstillande mottakskontroll forutsett kompetanse om kva som ikkje er tillate å ta imot og korleis dette skal handterast. Verksemda må difor ha personell ved mottakskontrollen som har naudsynt kompetanse på dette området.

⁵ Lov om vern mot forurensningar og om avfall

⁶ Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester

⁷ Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter

2.7. Overordnede krav til handtering av avfall

Verksemda plikter å sjå til at all handtering av avfall, herunder farleg avfall, er i samsvar med gjeldande reglar for dette, fastsett i eller i medhald av forureiningslova, herunder avfallsforskrifta⁸, og på en måte som i størst mogleg grad avgrensar fara for ureining.

All lagring av avfall, inkludert farleg avfall, skal vere basert på risikovurdering.

2.8. Utforming av anlegget

For dei ulike aktivitetane gjeld ulike krav til den fysiske utforminga av staden der aktivitar skal gå føre seg. Nedanfor følgjar nokre definisjonar:

- Fast dekke: dekke som har en hard overflate, for eksempel asfalt. Ikkje grus eller liknande. Avrenning frå området skal gå via sandfang og oljeutskiljar med mogelegheit for prøvetaking. Sandfang og oljeutskiljar skal vere tilstrekkeleg dimensjonert etter krav i forureiningsforskrifta⁹ kapittel 15.
- Tett dekke: ugjennomtrengelig og tilstrekkeleg slitesterkt dekke med oppsamlingsmogelegheiter for alle dei materialane/avfallsfraksjonane som skal handterast på eller i same område som det tette dekket er (vatn, væske, faste stoff og liknande).
- Klimavern: overbygg eller tett konteiner slik at avfall ikkje kjem i kontakt med vatn.

Alle utandørs trafikkområde og lagerområder for containere med avfall skal ha fast dekke.

Alle areal hvor det kan vere fare for avrenning av helse- og miljøskadelege stoff skal ha tett dekke.

Område for handtering og mellomlagring av farleg avfall skal ha fysisk skilje frå område for andre aktivitetar på anlegget. Mottatt farleg avfall skal ikkje til noko tid handterast saman med anna avfall. Unntatt er farleg fast byggavfall, impregnert trevirke og golvbelegg som innehelt ftalatar, som kan handterast på same område som anna avfall, men ikkje til same tid.

For spesifikke krav til handtering og lagring av dei ulike avfallstypene, sjå punkt 2.10- 2.14.

Verksemda skal sørge for at uvedkommande ikkje har adgang til anlegget og det som lagrast der.

2.9. Mottakskontroll, omlasting og sortering

Verksemda skal ha ein mottakskontroll som sikrar at verksemda til ein kvar tid har oversikt over kva mengder og typar avfall som er på anlegget.

⁸ Forskrift om gjenvinning og handteringing av avfall

⁹ Forskrift om begrensning av forurensning

Ved mottak av farleg avfall skal verksemda ha etablert eit system som sikrar at motteke farleg avfall er deklarerert eller lovleg importert slik at vidare handtering kan skje på en forsvarleg måte, jf. avfallsforskrifta¹⁰ § 11-12 og § 11-13.

Sortering og omlasting av avfall skal gå føre seg på tett dekke.

All handtering av avfall skal tilretteleggast best mogleg for å oppnå høy sorteringsgrad, slik at mest mogleg av avfallet kan attvinnast. Ombruk av materiale og eventuelt energi skal skje i tråd med prinsippene i avfallspyramiden. Dette arbeidet skal dokumenterast i internkontrollen.

Verksemda skal som hovudregel ikkje sortere restavfall med matavfall frå hushald, med unntak av at avfall i levert restavfallet som openbart er feilsortert kan takast ut og sorterast riktig.

Dersom verksemda tar imot eller det i samband med verksemda oppstår avfall eller farleg avfall som verksemda sjølv ikkje kan handtere på lovleg måte, skal dette avfallet leverast vidare til godkjent mottak eller handsamingsanlegg innan fem driftsdøgn.

2.10. Mellombels lagring av avfall

Verksemda kan lagre avfallsfraksjonar mellombels, som omtalt i punkt 1.4.

Som eit minimum skal all mellombels lagring av avfall skje på fast dekke. Strengare krav gjeld for enkelte fraksjonar, jf. punkt 2.10.1-**Error! Reference source not found.**

Samanblanding av forskjellige typar farleg avfall, og samanblanding av ordinært avfall og farleg avfall, skal ikkje skje. Dette gjeld alle fraksjonar, også fraksjonar som skal forbrennast saman.

2.10.1. Mellombels lagring av farleg avfall

Farlege kjemikalier og farleg avfall skal lagrast i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall¹¹ og forureiningsforskrifta kapittel 18¹². I tillegg gjeld følgande vilkår for lagring av farleg avfall. Vilkåra gjeld uavhengig av mengde farleg avfall.

Dokumentasjon:

- Verksemda skal etablere tilstrekkelege rutinar og system for raskt å oppdage å korrigere hendingar som lekkasjar og anna.
- Verksemda skal gjennomføre regelmessig tilstandskontroll av tankar som inneheld farleg avfall¹³.
- Verksemda skal ha dokumentert oversikt over mellomlagra farleg avfall og dokumentasjonen skal lagrast i minst 3 år.

¹⁰ Forskrift om gjenvinning og handteringing av avfall

¹¹ Forskrift om gjenvinning og handteringing av avfall

¹² Forskrift om begrensning av forureining kapittel 18: Tanklagring av farlege kjemikalier og farleg avfall

Krav til mellomlager for farleg avfall:

- Farleg avfall skal lagrast på ein slik måte at det ikkje oppstår ureining.
- Lagra farleg avfall skal til ein kvar tid ha tilstrekkeleg tilsyn.
- Alt farleg avfall skal lagrast med klimavern og på tett dekke med oppsamling av eventuell avrenning.
- Søl frå olje eller kjemikaliar skal fjernast med absorberande middel og handterast som farleg avfall.
- Vindauge som inneheld miljøgifter skal stablast og handterast slik at dei held seg heile fram til ein eventuell vidare handtering.

Barrierar:

- Tanklagring skal skje i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 18 *tanklagring av farlege kjemikaliar og farleg avfall*.

Samanblanding av avfall:

- Farleg avfall som ved kontakt eller samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller danning av farlege stoff, skal lagrast med god avstand.
- Det er ikkje lov å fortynne farleg avfall slik at det blir ordinært avfall.

Lageroversikt over avfall:

- Verksemda skal ha eit system for registrering av farleg avfall.
- Lageret for avfall og farleg avfall skal vere merka slik at det går fram kva som er lagra der.
- Verksemda skal ha kart der det går fram kvar forskjellige typar farleg avfall/avfall er lagra.
- Verksemda skal årleg rapportere eit avfallsrekneskap som viser ei oversikt over avfall og farleg avfall som er lagra, handtert og sendt vidare, jf. 11.5.

2.10.2. Lagring av returtrevirke og impregnert trevirke

Impregnert trevirke skal ikkje blandast med anna avfall, korkje før eller etter ein har kverna.

Returtrevirke kan lagrast på fast dekke før ein kvernar. Impregnert trevirke må lagrast på tett dekke med klimavern. Anna lagringsmåte kan nyttast dersom verksemda kan dokumentere at den valte lagringsmåten gir minst like lav risiko og like godt miljøevern.

Etter ein har kverna kan flismassar av reint trevirke og trevirke med måling, beis med vidare lagrast utandørs på fast dekke. Flismassar av behandla og impregnert trevirke skal lagrast på tett dekke med klimavern. Støvflukt og faren for branntilløp frå kverna massar skal vere risikovurdert, og risikoreduserande tiltak må vere iverksatt.

2.10.3. Lagring av restavfall

Restavfall som lagrast mellombels skal oppearast på tett dekke med klimavern.

2.10.4. Lagring av EE-avfall

EE-avfall skal lagrast i eigne behaldarar eigna for føremålet. EE-avfallet skal ikkje kome i kontakt med vatn. Behaldarane med EE-avfall skal lagrast på tett dekke med klimavern.

Ved lagring av EE-avfall skal det takast omsyn til at det kan oppstå brann ved sjølvtenning. Det skal gjerast grep for å førebygge dette. Det må etablerast tilstrekkeleg beredskap basert på mengder EE-avfall på området til ein kvar tid.

Avfallet skal merkast slik at det kan identifiserast før transport vidare.

Avfall som inneheld klimagassar skal handterast forsiktig slik at gassen ikkje slepp ut.

EE-avfall inneheld komponentar eller stoff som betegnast som farleg avfall og skal handterast og mellomlagrast i hht. avfallsforskrifta¹⁴ kapittel 11.

Det er ikkje lov å demontere EE-avfall.

2.11. Handtering av avfall: pressing, kverning og demontering

Verksemda kan kverne og presse avfallsfraksjonar som omtalt i punkt 1.4. Verksemda skal kverne avfallsfraksjonane separat.

2.11.1. Å kverne blanda avfall, returtrevirke og fritidsbåtar

Kverning av blanda avfall (møblar og store modular frå innreiing; madrassar o.l.), returtrevirke og fritidsbåtar skal gå føre seg på fast dekke. Verksemda skal innrette kverna slik at materiale som følger av prosessen kan samlast opp. Å kverne blanda avfall, returtrevirke og fritidsbåtar skal ikkje medføre støvulemper.

2.11.2. Å kverne impregnert trevirke og golvbelegg med ftalat

Impregnert trevirke og golvbelegg som inneheld ftalat skal kvernast på ein måte som avgrensar utslepp av støv til luft i størst mogleg grad. Krav til støv er nærmere omtalt i punkt **Error! Reference source not found.** Impregnert trevirke og golvbelegg med ftalat skal kvernast på tett dekke med klimavern.

All bruk av kvern skal skje slik at det er moglegheiter for å samle opp støv, materiale, gass og eventuell avrenning. Verksemda må innarbeide gode rutinar for reingjering av nærliggande område etter ein har kverna impregnert trevirke og golvbelegg med ftalat. Etter at avfall har vorte kverna og før andre fraksjonar av avfall handterast på same område, må området vere reingjort, for å unngå innblanding av rester av impregnert trevirke eller golvbelegg med ftalat. Verksemda skal handtere alt oppsamla materiale handteringsom farleg avfall.

Når kverna har vore bruk til å kverne impregnert trevirke og golvbelegg med ftalat, skal ho vere reingjort før ho blir brukt til å kverne anna avfall.

¹⁴ Forskrift om gjenvinning og handteringing av avfall

2.11.3. Demontering av vindaug med klorparafinar

Verksemda kan demontere isolerglasruter som inneheld klorparafinar. Planglas blir skilde i frå vindaugsramma manuelt, ved at glaset først blir skjært med glasmesterkniv for å lage eit omriss. Glaset blir så knust med øksehamar og på den måta separert frå vindaugskarmen. Glasavfallet blir sortert til gjenvinning med anna glasavfall på anlegget. Vindaugskarmene som inneheld klorparafinar skal ikkje behandlast vidare ved anlegget, men bli levert vidare til godkjend mottak.

Demonteringa skal skje på tett dekke med oppsamling av eventuell avrenning og med klimavern. Avrenninga skal ein handtere i tråd med krav i punkt 4.1

2.12. Forbrenning av avfall

Verksemda kan forbrenne avfallsfraksjonar som omtalt i punkt 1.4.

Ved forbrenning av avfall, smittefarleg avfall og farleg avfall, skal krav i avfallsforskrifta¹⁵ kapittel 10 overholdast om ikkje annet er spesifisert i løyvet.

Ved forbrenning av impregnert trevirke skal innblandingsgraden vere maksimalt 10% til ein kvar tid. For forbrenning av golvbelegg som inneheld ftalat og spillolje, skal innblandingsgraden vere maksimalt 3% til ein kvar tid. Om avfall med krav om ulik innblandingsgrad blir forbrent samtidig, gjeld den lågaste graden for innblanding.

Smittefarleg avfall skal forbrennast same dag det blir levert ved direkte innmating i sjakt.

2.13. Forbrenningsrestar

Bunnaske frå ovnen skal innehalde mindre enn 3 % organisk karbon (TOC), eller ha eit glødetap på mindre enn 5% av materialtes tørrvekt. Det skal utførast minst ei måling kvar 3. månad av andel uforbrent materiale i slagget ved anlegget. Slagg skal vere tilstrekkeleg avkjølt før vidare handtering.

Magnetiske metall i slagget skal skiljast ut og materialåtervinnast dersom det ikkje er føretatt metallutskilling før avfallet forbrennast.

Bunnaske, kjelstøv, støv og flygeaske etter renseprosessane skal disponerast i samsvar med bestemmingane i avfallsforskrifta¹⁶ om farleg avfall, dersom dei inneheld farlege stoff. For kvar einskilde fraksjon skal innhaldet av farlege stoff bli testa og dokumentert. Dersom ein fraksjon inneheld miljø- og helsefarlege stoff i ei mengde som overgår grenseverdiane i avfallsforskrifta kapittel 11 *Farlig avfall*, vedlegg 2, er det å betrakte som farleg avfall. Slagg kan mellomlagrast inntil 4 månader før analysetesten og skal gjennomførast minst ein gong i året.

¹⁵ Forskrift om gjenvinning og handteringing av avfall

¹⁶ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall

2.14. Sluttdisponering av anna avfall

Avfall som ikkje blir forbrent, samt bunnaske frå forbrenningsomn, skal leverast vidare til godkjend mottak eller deponi.

3. Forsøpling og lukt

3.1. Forsøpling

Nærmiljøet skal skjermast mot skjemmande innsyn for bustadar og offentleg vei. Nærmiljøet rundt avfallsanlegget skal ikkje forsøplast. Avfall som likevel er spreidd til omgjevingane skal fjernast. Opprydding av skjemmande avfall på anleggsområdet og i nærmiljøet skal skje fortløpande. Sorteringsplata skal tømmast for usortert avfall kvar dag. Verksemda skal ha innarbeida rutinar i sin internkontroll for rutinemessig opprydding av flygeavfall.

Om naudsynt skal det settast i verk tiltak som hindrar at fugl/skadedyr blir tiltrekt av avfallet.

3.2. Lukt

Handtering av avfall skal så langt det er mogleg gå føre seg slik at det ikkje oppstår ulemper med lukt. Ved eventuelle utslepp av lukt eller klager på lukt skal verksemda redusere sine utslepp av lukt i tråd med anbefalingar i rettleiing TA 3019/2013¹⁷.

4. Utslepp til vatn

4.1. Utsleppsreducerande tiltak

Diffuse utslepp frå verksemdas aktivitetar og frå uteareal som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal begrenast mest mogleg. Døme på slike uteareal er lagerområde og områda for lossing/lasting. Området skal tilretteleggjast slik at reint overflatevatn ikkje renn frå tak og tilstøytane område inn på verksemdas driftsareal.

Avrenning av overflatevatn frå verksemdas uteareal skal handterast slik at det ikkje kan medføre skadar eller ulemper for miljøet. Alt vatn som har vore i kontakt med avfall, skal ein rekne som ureina. Dette vatnet skal samlast opp og gå via kontrollkum for prøvetaking. Dersom vatnet er ureina av nokre av dei prioriterte stoffa i vedlegg 1 til løyvet, eller inneheld meir olje enn 10 mg/l, skal det leiast til tett tank eller lokal reinsing. Det skal vere mogleg å måle mengder og å ta ut prøvar frå alle relevante utsleppspunkt.

4.2. Punktutslepp

Forbrenningsanlegget skal vere utforma, bygt og drifta på ein sånn måte at utslepp av vatn frå reinsing av røykgass ikkje overskrider grenseverdiane i avfallforskrifta kapittel 10 vedlegg IV.

¹⁷ Veileder TA 3019/2013 - Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven

Verksemda skal føre prosessavløp frå forbrenningsanlegget inn på kommunalt avløpsnett i tråd med dei krav som blir stilt for slike påslepp frå kommunen¹⁸. Hallingdal Renovasjon IKS har avtale med Ål kommune (6. januar 2015) som regulerer pH, temperatur og vassmengde. Prosessvatn skal ikkje førast til terreng.

4.3. Sanitæravløpsvatn

Verksemda sitt sanitæravløpsvatn blir leda til offentleg avløpsnett¹⁹, og er regulert i avtale med Ål kommune, datert 6. januar 2015.

5. Utslepp til luft

5.1. Utslepp frå forbrenningsanlegget

Forbrenningsanlegget skal vere utforma, bygt og drifta på ein sånn måte at utslepp av røykgass ikkje overskrid grenseverdiane for luft i avfallforskrifta kapittel 10 vedlegg V.

Avgassar frå anlegget skal sleppast ut 40 meter over bakken. Gasshastigheita ut av skorsteinen skal ved normale vilkår vere minimum 8 m/s.

5.2. Støv

Diffuse utslepp til luft, til dømes av støv frå avfallshandtering og frå uteareal som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Verksemda skal gjennomføre effektive tiltak inne og ute for å unngå spreining av støv og forureining.

Kverna for kverning av avfall skal vere utstyrt med avsug og effektiv støvfiltrering. Det skal ikkje støve synleg ved når ein kvernar impregnert trevirke eller golvbelegg med ftalat. Om naudsynt skal verksemda sette i verk støvdempande tiltak. For å hindre avrenning av miljøgifter, skal ein vere forsiktig med å vatne kverna som støvdempande tiltak. Avrenning skal handterast i tråd med krav i punkt 4.1.

Oppsop frå feiing og materiale som blir liggjande igjen etter at snøen er smelta, skal fjernast så raskt som mogleg. Verksemda skal ha rutinar for å feie inne- og uteareal.

6. Grunnureining og ureina sediment

Verksemda skal ikkje ha utslepp til grunn eller grunnvatn som kan medføre skadar eller ulemper for miljøet.

¹⁸ Jf. forskrift om begrensning av forureining kapittel 15A om påslipp

¹⁹ Jf. forureiningsforskrifta kapittel 15A om påslipp

Verksemda plikter å gjennomføre førebyggjande tiltak, som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn. Verksemda plikter vidare å gjennomføre tiltak som er eigna til å avgrense miljøverknadar av eventuelle utslepp til grunn/grunnvatn. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp eller hindre at eventuelle utslepp førar til skadar eller ulemper for miljøet, skal overvakast og vedlikehaldas regelmessig. Plikta etter dette avsnittet gjeld tiltak som står i rimeleg forhold til dei skadar og ulemper tiltaka skal forhindre.

Verksemda skal halde løypande oversikt over eventuelle stadar med eksisterande ureina grunn på lokaliteten i tillegg til ureina sediment utanfor, herunder faren for spreieing. Samtidig skal verksemda vurdere behovet for undersøkingar og tiltak. Er det grunn til å tru at undersøkingar eller andre tiltak vil vere naudsynt, skal ureiningsmynda varslast om dette.

Terrengingrep som kan medføre fare for at ureining i grunnen spreir seg, må ha godkjent tiltaksplan etter forureiningsforskrifa kapittel 2²⁰, eventuelt løyve etter forureiningslova. Tiltak i ureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22.

Ved endeleg avvikling av verksemda, skal verksemda vurdere ureiningstilstanden i grunn og grunnvatn med omsyn til mogleg ureining av relevante farlege stoff som er brukt, framstilt eller frigitt ved verksemda. Vidare skal verksemda gjere tiltak som følger av forureiningslova § 7 og § 20. Plan for tiltak skal sendast ureiningsmynda. Opplysningar om dei tiltak ansvarleg eining har gjennomført, skal gjerest tilgjengeleg for ålmenta. Ureiningsmynda kan stille ytterlegare krav med heimel i forureiningslova. Se for øvrig pkt. 16.

7. Kjemikaliar

Med kjemikaliar meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt av verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikaliar. Dømer på kjemikaliar er groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel for å hindre brann.

For kjemikaliar som blir brukt på ein slik måte at det kan føre til fare for ureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikaliane på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikaliar. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av kva fare for skadelege effektar på helse og miljø kjemikaliane som blir brukt kan føre til, og av om finnast alternativ. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finnast, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli

²⁰ Jf. forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydning i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider

brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket²¹ og andre regelverk som gjeld for kjemikalier.

8. Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved bustadar, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustadar, utdanningsinstitusjonar og barnehagar som ligg rundt verksemda, skal ikkje bryte følgande grenser, målt eller rekna ut som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

Måndag-fredag	Kveld måndag-fredag (kl. 19-23)	Laurdag	Søndagar og høgtidsdagar	Natt (kl. 23-07)	Natt (kl. 23-07)
55 L_{den}	50 $L_{evening}$	50 L_{den}	45 L_{den}	45 L_{night}	60 L_{AFmax}

L_{den} er definert som døgnmiddel. Med impulsstøy eller reintonelyd er grensa 5 dBA lavare. Den strengaste grenseverdien ligg til grunn når impulslyd opptrer i gjennomsnitt meir enn 10 hendingar per time.

$L_{evening}$ er A-veiet ekvivalentnivå for 4 timars kveldsperiode frå kl 19-23.

L_{night} er A-veiet ekvivalentnivå for 8 timars nattperiode frå kl 23-07.

L_{AFmax} er gjennomsnitt av dei 5-10 høgaste forekomende støyknivå L_{AF} (A-veid støyknivå med Fast respons) frå ein industriverksemd i nattperioden 23-07.

Med impulslyd meiner ein kortvarige, støyttvise lydtrykk med lengde på under 1 sekund og der impulslyden er av typen "highly impulsive sound" som definert i T-1442 kapittel 6. Dersom impulslyd har meir enn 10 hendingar per time, er grenseverdien 5 dBA lågare enn dei grenseverdiane som er angitt i tabellen.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda si drift, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå persontransport av tilsette til og frå verksemdsområdet er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjelder ikkje for busetnadar nemnt over som blir etablert etter at verksemda har startet opp.

²¹ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensning av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30.05.2008 nr. 516

9. Energi

9.1. Energileiing

Verksemda skal ha eit system for energileiing. Systemet skal sikre kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. punkt 2.6 og følge prinsippa og metodane gitt i Norsk Standard for energileiing.

9.2. Spesifikt energiforbruk

Verksemda skal berekne spesifikt energiforbruk og dette skal rapporterast årleg, jf. punkt 11.5.

10. Førebygging og beredskap mot akutt ureining

10.1. Førebyggjande tiltak

På bakgrunn av miljørisikoanalysen, jf. punkt 2.4.1., skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

10.2. Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sett i verk, om naudsynt, etablere og vedlikehalde beredskap mot akutt ureining. Inkludert i dette er beredskap for å redusere ureining ved ein eventuell brann ved/på anlegget og ved utslepp av slokkevatn. Beredskapsplikta omfattar også utstyr til å fjerne og avgrense virkninga av ureininga og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer. Dersom det er aktuelt, skal verksemda øve på beredskapen mot akutt ureining minimum ein gong per år.

10.3. Varsling ved akutt ureining

Akutt ureining eller fare for akutt ureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift²². Verksemda skal også så snart som mogleg underrette Fylkesmannen i slike tilfelle.

11. Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen

11.1. Kartlegging av utslepp

Verksemda skal systematisk kartlegge alle utslepp frå verksemda til luft, grunn og vatn. Dette gjeld både diffuse utslepp og punktutslepp, inkludert påslepp til kommunalt avløpsnett.

²² Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining

Verksemda skal legge denne kartlegginga til grunn for eit program for utsleppskontroll, jf. punkt 11.4.

11.2. Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere alle sine utslepp til luft. Verksemda skal også kontrollere og dokumentere innhald i prosessvatn frå forbrenningsanlegg og spillvatn og oppsamla overvatn frå oljeutskiljarar. Verksemda skal kontrollere og dokumentere støy ved behov. Fylkesmannen kan stille krav om støymålingar eller støyberekningar dersom drifta medfører støyproblem. Målingane skal omfatte prøvetaking, analyse og utrekning.

Verksemda skal utføre målingar slik at dei blir representative for verksemda sine faktiske utslepp og skal omfatte:

- utslepp av komponentar som er regulert gjennom grenseverdier fastsett i forskrift
- utslepp av alle komponentar som kan ha miljømessige følger og dermed er omfatta av rapporteringsplikta

Verksemda skal vurdere uvisse ved de forskjellige trinnene i målingane (prøvetaking – analyse – beregning) og velje løysningar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå. For alle målingar skal det vere ein prøvetakingsfrekvens som sikrar representative prøvar.

11.3. Kvalitetssikring av målingane

Verksemda er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra mellom anna ved å

- utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finnast, kan internasjonal eller utanlandske standardar brukast. Fylkesmannen kan vidare godta at andre metodar brukast dersom særlege omsyn tilseier det. Verksemda må i tilfelle dokumentere at særlege omsyn ligg føre og at den valde metoden gir representative tal for verksemda sine faktiske utslepp.
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når volumstrømsmåling, prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteyter skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta dersom slik tenesteyter finnast.
- delta i samanliknande laboratorieprøving (SLP) og/eller jamleg verifisere analyser med eit eksternt, akkreditert laboratorium for dei parametranne som er regulert gjennom presise grenseverdier, når verksemda sjølv analyserer.
- jamleg vurdere om plassering av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og – frekvensar gir representative prøver.
- jamleg utføre kontroll og kalibrering av måleutstyr.

11.4. Program for utsleppskontroll

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda si dokumenterte internkontroll.

I programmet skal verksemda gjere greie for dei kartlagte utsleppa jf. punkt 11.1. I tillegg skal programmet gjere greie for gjennomføringa av utsleppskontrollen jf. punkt 11.2 og kvalitetssikring av målingane jf. punkt 11.3.

Programmet for utsleppskontroll skal innehalde:

- Ei utgreiing av verksemda sine faktiske utslepp til luft og vatn og utslepp av støy, med ei oversikt over alle utsleppsstraumar, volum og innhald, til luft og vatn
- Ei skildring av dei ulike trinna i målingane (volumstrømsmåling – prøvetaking – analyse – utrekning) for kvar straum og komponent
- Ei skildring av måleutstyr som blir brukt til målingar og frekvens for måleutstyrskontroll og kalibrering
- Ei grunngjeving for valde prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikk (metodar og frekvens)
- Ei skildring av valde metodar/standard for analyse.
- Dersom aktuelt, ei grunngjeving for valt frekvens for deltaking i SLP og /eller verifisering av analysar med eit akkreditert laboratorium
- Ei utgreiing for kva for utsikkerheitsbidrag dei ulike trinna gir

Programmet for utsleppskontroll skal haldast oppdatert.

11.5. Rapportering til Fylkesmannen

Verksemda skal innan 1. mars kvart år rapportere miljødata og eventuelle avvik for føregåande år via www.altinn.no. Miljødata omfattar mellom anna produksjonsmengder, avfallsmengder, energiforbruk og resultat frå utsleppskontroll.

Vedlagt rapporten skal følge eit kort samandrag over årets drift som spesifisert nedanfor:

- Total driftstid
- Total mengde avfall handtert, fordelt på leverandør
- Mengder slagg- og askeprodukt samt disponering
- Mengder støv- og reaksjonsprodukt samt disponering
- Energi produsert, energi utnytta og energiutnytingsgraden for kvar månad, samt snitt for året
- For parametre kor det er krav om kontinuerlege målarar skal ei oppsummering vise variasjonsområde, trendkurver og snittverdiar. Dette gjeld både driftsparametre og utsleppsparametre til luft, grunn og vatn.
- Informasjon om avvik
- Vurdering av behov for tiltak basert på miljørisiko

Verksemda skal i samband med rapporteringa av utsleppsdata angi å kommentere:

- uvisse i datamaterialet
- resultat frå ringtestar
- resultat frå tredjepart sin verifikasjon av eigne målingar

12. Miljøovervaking

Verksemda skal sørge for overvaking av moglege miljøeffektar frå verksemda i tråd med eit overvakingsprogram. Dette gjeld effektar på luft, grunn, vatn og sediment i den grad dette er aktuelt.

Det gjeld særskilte vilkår for overvaking av vassførekomstar/resipientar og grunn/grunnvatn, jf. punkt 12.1 og 12.2.

12.1. Overvaking av resipienter

Verksemda skal sørge for overvaking av effektar av utslepp til vatn i tråd med eit overvakingsprogram. Verksemda skal utarbeide overvakingsprogrammet i samarbeid med naudsynt fagekspertise. Overvakinga skal gjennomførast etter vassforskrifta sine føresegner og skal belyse påverknaden frå avfallsanlegget og avfallsanlegget sitt bidrag til samla økologisk og kjemisk tilstand i nærmaste vassførekomst.

Overvakingsprogrammet skal beskrive og grunngi kva kvalitetselement/parameterar som skal overvakast, kvantifiseringsgrenser og intervall for prøvetaking. Vidare skal det gjerast greie for kva (vatn, biota, sediment) prøvane skal bli tatt i frå og kva prøvetakingsmetodar som skal nyttast. Det skal takast prøver både oppstraums og nedstraums avfallsanlegget. Plassering av prøvetakingspunkt skal også beskrivast og vere grunnleggjande i programmet.

Overvakingsprogrammet skal omfatte relevante stoff som verksemda kan ha utslepp av og som kan påverke miljøtilstanden. For miljøgifter må verksemda vurdere om det er prioriterte stoff i vassforskrifta eller vassregionspesifikke stoff som bør kartleggast. Verksemda må vurdere om eksisterende prøvetaking i resipienten er etter vassforskrifta sine føresegner.

Overvakinga skal gjennomførast av fagkyndig, uavhengig konsulent i tråd med overvakingsprogrammet. Der det er hensiktsmessig kan sjølve prøvetakinga gjennomførast av verksemda sjølv i samråd med konsulent. Verksemda må i så fall gjere greie for dette i overvakingsprogrammet.

Dersom det pågår overvaking i regi av Fylkesmannen, vassregionmynda eller andre, bør verksemda så langt det er mogleg bidra i felles overvakingsprogram med data for dei kvalitetselement i vassførekomsten som kan vere direkte eller indirekte påverka av verksemda sitt utslepp. Dersom vurderingane viser at det er behov for tiltak av omsyn til resipient eller for å overhalde krava i dette løyvet, er verksemda også pliktig til så snart som praktisk mogleg å utbetre tilhøva.

Data som blir innhenta i overvakinga av vasslokaliteten, inklusiv sediment og biota, skal registrerast i databasen Vannmiljø. Data skal leverast på Vannmiljø sitt importformat, som ligg på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>. Her finnast også oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i tråd med Vannmiljø sitt kodeverk.

Resultata frå undersøkinga skal rapporterast innan 1. september 2020.

Ei årleg samanstilling og vurdering av overvakingsresultata skal kunne visast fram for ureiningsmynda ved førespurnad.

12.2. Overvaking av grunn og grunnvatn

Verksemda skal sørge for overvaking av grunn og grunnvatn minst ein gong kvart femte år for grunnvatn og ein gong kvart tiade år for grunn. Funna frå tilstandsrapporten jf. punkt 13.3 leggast til grunn for overvakinga.

Resultata frå overvakinga skal sendast Fylkesmannen innan 3 månader etter utført overvaking.

13. Undersøkingar og utgreiingar

13.1. Utgreiing av utslepp av prioriterte miljøgifter

Verksemda skal gjere rede for sine utslepp av prioriterte miljøgifter til vatn ved å

- vurdere om verksemda sine punktutslepp og diffuse utslepp kan innehalde prioriterte miljøgifter (jf. vedlegg 1). Dersom slike utslepp er pårekelege, skal verksemda utføre naudsynte målingar for å kunne bestemme innhald av dei aktuelle prioriterte miljøgiftene i utsleppa.
- gjere ei miljørisikovurdering av desse utsleppa

Utgreiinga skal gjennomførast innan 1. november 2019 og vil bli fulgt opp på tilsyn

13.2. Utgreiing av diffuse utslepp

Verksemda skal gjere rede for sine diffuse utslepp til vatn og grunn ved å

- kartlegge kjelder til diffuse utslepp
- anslå storleiken på det diffuse utsleppet per kjelde
- anslå kva stoff, herunder prioriterte miljøgifter, desse utsleppa kan innehalde. Verksemda skal utføre naudsynte målingar for å kunne bestemme innhald av dei ulike stoffa i utsleppa
- gjere ei miljørisikovurdering av desse utsleppa

Utgreiinga skal gjennomførast innan 1. november 2019 og vil bli fulgt opp på tilsyn.

13.3. Tilstandsrapport om mogleg ureining av grunn og grunnvatn

Verksemda skal vurdere behovet for å dokumentere ureiningstilstanden i grunn og grunnvatn. Denne vurderinga skal gjennomførast i tråd med trinn 1-4 i Miljødirektoratet sin rettleiar M-630/2016 *Tilstandsrapport for industriområder*. Vurderinga skal sendast Fylkesmannen innan 1. november 2019.

Dersom Fylkesmannen med utgangspunkt i denne vurderinga finn at det er naudsynt å dokumentere tilstanden i grunn og grunnvatn, vil verksemda bli pålagt å utarbeide ein full tilstandsrapport i tråd med trinn 5-8 i Miljødirektoratet sin rettleiar M-630/2016.

14. Industriutsløpsdirektivet, IED

Verksemda skal vurdere om deira verksemd er omfatta av føresegnene om IED-verksemdar, jf. føresegnene i §36-1 andre ledd og vedlegg I til kapittel 36 i forureiningsforskrifta. Når BAT-konklusjonar for forbrenningsanlegg blir ferdig skal verksemda gjere det same for desse. I tråd med industriutsløpsdirektivet som er implementert i forureiningsforskrifta skal driften ved IED-verksemdar vere i tråd med nye BAT-konklusjonar seinast fire år etter at konklusjonane er publisert.

15. Utskifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstillere krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke ureining som følger av relevante BAT-konklusjonar jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 2.

Dersom utstyr som kan gjere ein forskjell i verksemda sine utslepp skal byttast ut, skal verksemda melde dette til Fylkesmannen i god tid før det takast avgjerd om val av utstyr.

16. Eigarskifte

Om verksemda blir overdregen til ny eigar, skal verksemda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinest ein månad etter eigarskiftet.

17. Nedlegging

Dersom eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ein kvar tid er naudsynt for å motverke fare for ureining. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til ureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimeleg tid på førehand melde dette til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan presisere nærare kva tiltak som er naudsynt for å motverke ureining. Fylkesmannen kan gi pålegg om å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar. Dersom verksemda allereie har stilt garanti i samsvar med løyvet, kan ureiningsmynda i samband med ei nedlegging eller lengre driftsstans likevel krevje at garantien om naudsynt blir utvida.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørge for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte. Dette inkluderer at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift²³. Dei tiltaka som blir set i verk

²³ Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

ved slike høve, skal verksemda rapportere om til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalrestar og ubrukte kjemikaliar og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørge for at lokaliteten blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Dersom verksemda ønskjer å starte drifta på nytt, skal verksemda i god tid før start er planlagt, melde dette til Fylkesmannen.

18. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsmynda eller andre som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

VEDLEGG 1: Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslepp av slike komponenter er bare omfattet av løyven dersom dette framgår gjennom uttrykkelig regulering i vilkårenes pkt. 3 til 13.

Metaller og metallforbindelser:

	Forkortelser
Arsen og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
Bly og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
Kadmium og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
Krom og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
Kvikksølv og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

Organiske forbindelser:

Bromerte flammehemmere	Vanlige forkortelser
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske forbindelser

1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensider

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromuskforbindelser

Muskxylen

Alkylfenoler og alkylfenoletoksylder

Nonylfenol og nonylfenoletoksylder	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylder	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjedet)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylforbindelser (PFAS)

Perfluoroktansulfonat (PFOS) og forbindelser som inneholder PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og forbindelser som inneholder PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjedete perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske forbindelser

Tributyltinnforbindelser	TBT
Trifenyltinnforbindelser	TFT, TPT
Dibutyltinnforbindelser	DBT
Dioktyltinnforbindelser	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarboner

Ftalater

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A

BPA

Siloksaner

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filtre

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350
